


Halbrend skule



«Halbrend skule: Ein god stad å lære.»

Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	33/34	43/44	Endring
Elevtal	400	278	293	-107
Kapasitet	570			
Kapasitetsutnytting i prosent	70,2%	49%	51,5%	
Ledig kapasitet	170			
Gjennomsnittleg klassestorleik	23,5			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	12,7			
Gruppestørrelse 8.-10. (Norm 20)	15,2			

Vedlegg 7 Bemanning

Lærarårsverk	40,45
Leiingsressurs årsverk	2,36
Snittalder	41
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Norsk og engelsk. Treng også å styrkje framandspråk; tysk og spansk.

Økonomi

Rekneskap 2022	kr	40 606 955
Budsjett 2023	kr	42 266 568
Rekneskap 2023	kr	43 737 516
Budsjett 23 utan SFO	kr	41 726 242
Rekneskap 23 utan SFO	kr	43 206 356
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	108 016



Tilbod og utvikling i sektoren

Tilknytning til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Kommuneplanens arealdel	Halbrend er ein sentrumsskule, og det er utvikling både innafor bustad og næringslivet i Førde.

Bygningsmasse

Byggjeår	2011 (oppgradering 2018)
Areal	5275
Teknisk stand /oppgraderingbehov	Skule med god bygningsteknisk tilstand. Skulen har behov for å auke opp kapasitet på varmpumpe med tilhøyrande brønner, samt andre mindre energiltak som vil redusere påbyggets energiforbruk. Behov større varmtvasstankar.

Andre forhold

Avstand Førde sentrum	2,3 km
Avstand til Førde ungdomsskule	3,8 km
Avstand til Flatene skule	500 m til fots, 2,2 km med bil.
Forhold ved skulevegen	Sjølve skulen ligg godt skjerma inne i eit byggefelt. Elevar som kjem med buss må stige av ved E39 og gå ned Lievegen til skulen. Det er gangveg, men ein del elevar må krysse vegar i området det bussane stoggar.
Særeigne forhold ved skulen	Ny idrettshall ferdig i 2021.



Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Lærarane har god fagkompetanse og er engasjerte.
- God kjønns- og aldersfordeling blant lærarane.
- Variert og praktisk retta fagtilbod som arbeidslivsfag.
- Tilgang på spesialrom som musikkrom og naturfags-lab.
- Godt samarbeid og oversiktleg miljø på skulen.
- Effektive system for pedagogisk samarbeid og diskusjon.
- Ein gjennomarbeidd pedagogisk plattform med årleg evaluering.

Forbetringsområder

- Ressursfordelinga frå skulestart bør revurderast for å imøtekomme utfordringane i ulike klassar.
- Generell mangel på ressursar, spesielt knytt til spesialpedagogisk arbeid.
- Behov for fleire grupperom og lærebøker.
- Tekniske utfordringar med prøvemodus på datamaskiner.
- Gjeninnføring av funksjonsstillingar tapt ved kommunesamanslåing.
- Klare ansvarsfordeling mellom ulike yrkesgrupper/fagseksjonar.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Lærarar som er løysingsorienterte og godt etablerte system.
- Fast tilsette miljøarbeidarar og helsesjukepleiarar.
- To jamstore ungdomsskular i Førde som utvekslar idear og erfaringar.
- Variert og stort utemiljø ved skulen.
- *Skulen er godt og trygt plassert i lokalsamfunnet, og er godt tilrettelagt fysisk.*

Forbetringsområder

- Handtering av aukande åtferdsproblematikk og skulefråvær.
- Mangel på faglærde vikarar og relevant erfaring innan arbeidslivsfag.
- Behov for individuell tilpassing og utfordringar med å imøtekomme dette.
- Potensielt negativ effekt av å endre elevsamansetning ved overgang til ungdomsskulen.

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen er en kjend og viktig uformell møteplass i lokalsamfunnet.
- Arena for kulturelle arrangement og samlingar, som 17. mai-feiring.
- Skulen bidrar til tryggleik og kjennskap blant naboar og familiar.

Forbetringsområder

- Styrke samarbeidet med lokale bedrifter for å tilby alternative læringsarenaer.
- Systematisere samarbeidet med grendelag.
- Utvikle foreldresamarbeid, spesielt etter blanding av elevar på ungdomsskulen.



Vedlegg 7

Andre innspel

- Viktig å ivareta elevane sine beste interesser ved eventuelle strukturendringar.
- Prioritering av økonomisk støtte til skulane for å tiltrekke tilflyttarar.
- Sikring av gode fysiske og organisatoriske rammeverk ved redusert elevtal.
- Framheving av jamstore ungdomsskular for variert miljø og ideutveksling.
- Unngå gradvis nedlegging, heller foreslå ein samla flytting om nødvendig.
- *Uro for å flytte elvane til ein stor skule i sentrum*
- Vektlegging av at skulen bør vere ein integrert del av lokalsamfunnet.

Prosjektgruppa si oppsummering

No-situasjonen

- Halbrend skule har ein stabilitet i bemanninga og eit variert fagtilbod som vert sett pris på, både i høve det pedagogiske arbeidet og i organiseringa av skuledagen.
- Kompetansen blant lærarstaben er god, med ein engasjement for kontinuerleg fagleg utvikling. Ressursane blir likevel utfordra av eit aukande behov for spesialpedagogisk støtte og tilrettelegging i klasseromma, samt utfordringar med tilgjengelegheit av grupperom og læremiddel.
- Økonomisk er skulen effektiv, men nedgangen i elevtal som er venta vil utfordre økonomien i stor grad.
- I lokalsamfunnet står skulen sentralt som ein møteplass og kulturell arena, men potensial for sterkare samspel med lokale aktørar er til stades.
- Ved flytting av Førde ungdomsskule til Hafstad VGS, vil vi måtte vurdere om elevar frå Sunde og Holsen skal sokne til Førde ungdomsskule. Dette vil kunne føre til ytterlegare tap av elevmasse for Halbrend skule.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- Utviklinga tyder på at det vil krevje strategisk fokus på rekruttering og vedlikehald av kompetanse, spesielt i lys av endringar i elevtal og faglege behov.
- Vidareutvikling av pedagogisk praksis og ressursfordeling vil vere sentralt for å oppretthalde og styrkje den pedagogiske kvaliteten.

Organisering

- Reduksjon i elevtal vil utfordre skulen si evne til å oppretthalde eit like godt tilbod, kanskje særleg knytt til praktiske fag. Med færre elevar vil skulen mellom anna måtte redusere tal valfag.

Strukturelle endringar

- Dersom elevar frå Sunde og Holsen vert flytta til «nye» Førde ungdomsskule, vil elevtalet i 2033 vere nede på 215 elevar om ein legg SSB sine tal til grunn.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på ([Lenke til websak-postlista](#))

